



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Avdelingsleiar for drift og vedlikehald av veg, vatn og avlaup - 100% fast stilling

Stillingsinformasjon

Avdelingsleiar har ansvar for at drifts- og vedlikehaldsoppgåvene som ligg til avdeling for Veg, vatn og avlaup vert utført med kvalitet og etter kommunen sine styrande dokument, samt styrande myndighetskrav.

Avdelinga er ei av tre under tenesteområdet Drift og vedlikehald i Alver. Dei andre to driftsavdelingane er Bygg, anlegg og elektro, og Reinhold.

Avdelinga er ny i høve til dagens organisering i dei tre kommunane som skal slå seg saman til Alver. I 2019 vil hovudoppgåva til ny avdelingsleiar vere å byggje opp eininga; saman med tenesteleiar ivareta dei tilsette innfor fagområdet i dagens tre kommunar, koordinere oppgåver og arbeidsprosessar, utarbeide rutinar og samarbeidsformer og klargjere for ny, felles drift frå 2020.

Avdelingsleiar inngår i leiargruppa ved tenesteområde Drift og vedlikehald, saman med leiarane for dei to andre driftsavdelingane. Rapportering skjer til tenesteleiar og øvrig leingi ved behov.

Arbeidsplass

I 2019 vil stillinga høyre til Meland kommune, med oppmøteplass på Frekhaug. Frå 2020 inngår stillingen i Alver kommune, slått saman av Lindås, Meland og Radøy kommunar. Etter samanslåinga blir vi ein av dei største kommunane i fylket med om lag 30.000 innbyggjarar og 2.500 tilsette.

Arbeidsoppgåver

Leiing og koordinering av:

Drift og vedlikehald av veg, vatn- og avlaupsanlegg.

Drift og vedlikehald av anlegg som reinseanlegg, høgdebasseng, pumpestasjonar, avlaupsanlegg, leidningsnett ihht myndighetskrav.

Drift og vedlikehald av kommunale vegar og andre anlegg som kaiar, parkeringsplassar mm. med alt tilhøyrande.

Avdelingsleiar har budsjettansvar, personalansvar og fagansvar på sitt område.

Samordning av oppgåver i eiga avdeling, i høve til dei andre driftsavdelingane ved tenesteområdet, inngår i ansvaret.

Kvalifikasjonskrav

Utdanning helst på masternivå, alternativt på bachelornivå, innfor kommunaltekniske fag.

Relevant leiarerfaring med drift og vedlikehald av kommunaltekniske anlegg, medrekna økonomistyring og personalansvar.

Gode relasjonelle eigenskapar, og tydeleg leiarskap på veg, vatn- og avlaupsområdet.

Solid oversikt og forståing for lov- og regelverk innan områda.

Ein leiar med blikk på dei overordna måla, og samstundes med auge for og evne til å gripe moglegheiter innan innovasjonstenkning og effektiviseringsløsningar.

Du er omgjengeleg, kreativ, involverande, raus, romsleg og løysingsorientert.

Du er tydeleg på systematisk arbeid, målstyring og etablering av gode arbeidsstrukturar og samarbeidsflater.

Erfaring med endringsprosessar, budsjettarbeid, planarbeid og organisasjonsutvikling.

Det er ønskjeleg at den som blir tilsett har eit godt fagleg nettverk, er fagleg sterk, har god kjennskap til fagområda og lang praksis.

Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning og fleksibel arbeidstid.

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 07.07.2019

Utlyst dato 13.06.2019

Vårref

167/19

Kontaktperson

Kjetil Spurkeland, Tenesteleiar drift og vedlikehald Alver Kommune, tlf: 93406068, mobil: 93406068, kjetil.spurkeland@meland.f